



# VANG KOMMUNE



Foto: Oddvin Almeiring

Myrull ved Tyin

# ÅRSMELDING 2014

# FØREORD

Årsmeldinga skal ha med opplysningar om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Der det er vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for avviket. Tilsvarande gjeld ved avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2014, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 07. mai, i hovudutvala, utvikling 12.mai, og levekår 13.mai og i kommunestyret 21. mai 2015.

I tillegg denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovudmål og retningsliner i kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningsliner for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, folkehelse, universell utforming, landbruk, langsiktige arealstrategiar, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø,kommunen sin økonomi, interkommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, samfunnssikring og beredskap og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

## Folketal

1.1.2015 var folketalet i Vang 1619 mot 1602 ved førre årsskifte. Auken skuldast netto innflytting på 27 (62 frå andre delar av landet og 69 frå utlandet mot 99 utflyttingar til andre delar av landet og 5 til utlandet). 23 døde og 13 fødde gav fødselsunderskot også i 2014.

Det er grunn til å merke seg som både interessant og sjølvsagt positivt at innanlands flytting til Vang held seg om lag på det vesentleg auka nivået frå 2012 til 2013(frå 40-70) med 69 i 2014.

## Utvikling

Kommunestyret vedtok i 2014 rullert arealdel utanom Tyinkrysset og rullert samfunnsdel. Vang kommune har vidare som mål å fullføre rullering av resterande arealdel av kommuneplanen i 2015.

Ved sida av dette arbeidet er det særleg 2 saker som vil ha mykje å seie for Vang i Vang i framtida:

1. Kommunestruktur: Vang har ein felles prosess med Valdreskommunane om å greie ut dette spørsmålet med sikte på at kommunestyret tek stilling for eller imot kommunesamanslåing til hausten i år. Kommunestyret i Vang har teke til orde for å halde folkerøysting slik at innbyggjarane får høve til å uttale seg om dette viktige spørsmålet. Dersom det blir fatta positivt vedtak om kommunesamanslåing, vil den nye kommunen vere operativ frå 01.01.2018.
2. Utbygging på VBU: Dette byggeprosjektet gjev høve til å samle alle elevar på ein stad i kommunen, betrar lokal for kulturskulen, utvidar symjehallen med terapibasseng og ikkje minst, det inneheld ein ny fleirbrukshall: Dette vil gje rom for heilt nye aktivitetar og opne nye dører både for næringsliv og innan kulturlivet.

## Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytteigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte eller e-post:

Ordførar	Vidar Eltun	<a href="mailto:vidar_eltun@vang.kommune.no">vidar_eltun@vang.kommune.no</a>
Rådmann	Reidar Thune	<a href="mailto:reidar_thune@vang.kommune.no">reidar_thune@vang.kommune.no</a>
Skule- og kultursjef	Jon Eggen	<a href="mailto:jon_eggen@vang.kommune.no">jon_eggen@vang.kommune.no</a>
Teknisk sjef	Terje Hålien	<a href="mailto:terje_haalien@vang.kommune.no">terje_haalien@vang.kommune.no</a>

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no)

Vang, 17. mars 2015

Reidar Thune

rådmann

# **INNHOLD**


ØKONOMISK STILLING OG RESULTAT .....	5
INTERNKONTROLL .....	9
ETISK STANDARD .....	10
LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING.....	10
STYRE, RÅD OG UTVAL.....	13
RÅDMANNSKONTORET.....	14
SKULE OG KULTUR .....	21
HELSEAVDELINGA .....	28
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester.....	32
LANDBRUK TEKNISK .....	40

# ØKONOMISK STILLING OG RESULTAT

## Driftsinntekter

I 2014 var kommunen sine driftsinntekter 198 mill. kr, med ei fordeling som vist i figuren til høgre.


Kraftinntekter stod for ein god fjerdedel av driftsinntektene: Eigedomsskatt 6,9 mill. kr, naturressursskatt 6,2 mill. kr, konsesjonskraftinntekter og fallerstatningar 9,4 mill. kr, og konsesjonsavgifter 20,7 mill. kr. I tillegg kjem renteinntekter og utbyte. Kraftinntektene er deretter fallande.



Sum driftsinntekter vart 6,1 mill. kr (3,2 %) høgare enn budsjettet. Statlege refusjonar/overføringer gav 4,3 mill. kr i meirinntekter, medrekna 3 mill. i refusjon for breibandsutbygging. Sals- og gebyrinntekter vart 1,0 mill. kr høgare enn budsjettet.

Skatt på inntekt og formue vart 0,8 mill. kr høgare enn budsjettet, men dette vart vege opp av tilsvarande mindreinntekt for rammetilskot.

Dei siste åra har rammetilskotet auka mykje meir enn skatteinntektene.




## Driftsutgifter

Fordelinga av samla driftsutgifter på 206 mill. kr er vist i figuren til høgre.

Sum driftsutgifter vart 3,3 mill. kr (1,6 %) lægre enn budsjettet. Løn og sosiale utgifter vart 2,7 mill. kr lægre (2,0 %) enn budsjettet.

Vare- og tenestekjøp viser samla mindreforbruk på 0,2 mill. kr (0,4 %). Kjøp frå andre kommunar viser eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr (0,8 %), noko som i all hovudsak skuldast lægre kostnader til økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsordninga gjennom NAV Valdres.



Brutto driftsresultat viser 7,6 mill. kr i underskot, mot 17,2 mill. kr i budsjettet underskot. Som nemnt, er det ein kombinasjon av meirinntekt og mindreutgift som står for dette avviket.

## Finansinntekter og -utgifter

Av renteinntekter, utbyte og eigaruttag på 11 mill. kr kom 8 mill. kr frå Vang Energi-verk/JotunKraft, og andre renteinntekter utgjorde knapt 3 mill. kr. I sum vart desse inntektspostane 0,2 mill. kr lægre enn budsjettet.

Renteutgiftene var 0,3 mill. kr. som er 0,2 mill.kr lægre enn budsjettet. Avdraga vart på 1,0 mill.kr. Meirutgifta ift. budsjettet, 0,6 mill. kr. skuldast innfriing av lån ved utløp av avdragstida.

I sum vart rente- og avdragsutgiftene 0,4 mill. kr høgre enn budsjettet.

Netto driftsresultat vart 11,9 mill. kr; tilsvarende 6,0 % av driftsinntektene. At dette resultatet vart 9 mill. kr høgare enn budsjettet skuldast i fyrste rekke auka driftsinntekter og dernest reduserte driftutgifter.

## Avsetnader og bruk av avsetnader

### Bruk av avsetnader:

- Mindreforbruk i 2013-rekneskapen: 8,4 mill. kr.
- Disposisjonsfond: 7,7 mill. kr:  
6,7 mill. kr budsjettet +  
1,0 mill. kr amortisert premieavvik
- Bundne fond: 8,2 mill. kr  
(medrekna næringsfond 7,0 mill. kr)

### Avsetnader:


- Disposisjonsfond: 12,1 mill. kr:  
8,4 mill. kr mindreforbruk 2013 + 3,7 mill. kr premieavvik 2014
- Næringsfond: 22,0 mill. kr: 20,7 mill. kr konsesjonsavgifter, 1,3 mill. kr renteinntekter.

- Andre avsetnader til bundne fond:  
1,4 mill. kr, herav 0,9 mill. kr til dekningsgradfond(vatn- og kloakk) og 0,5 mill kr. tilskot demenstilbod.

Sum driftsinntekter  
– Sum driftsutgifter  
= Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat  
+ Finansinntekter  
– Finansutgifter  
+ Motpost avskrivningar  
= Netto driftsresultat

Netto driftsresultat  
+ Bruk av avsetnader  
– Avsetnader  
= Meir-/mindreforbruk i driftsrekneskapen




## Investeringsrekneskapen

På utgiftssida er 9,5 mill. kr til bygging av Fredheim barnehage og 9,4 mill. kr til ombygging av VBU dei største postane.

19 investeringsprosjekt er avslutta i 2014, med eit samla underforbruk på 1,6 mill.kr. Av dette utgjer utbetalt erstatning frå forsikring på varmepumpe i Vangstunet 0,9 mill. kr.

I 2014 vart investeringsrekneskapen gjort opp med bruk av næringsfond på 18,3 mill. kr og 7,8 mill. andre investeringsinntekter.  
(mva.kompensasjon på 4,2 mill. kr var den største delinntekta her.)




## Næringsfond

Næringsfondet sin hovudstol er 91,3 mill. kr.

I 2014 er 9,7 mill. kr nytta til drift (budsjettet: 11,209 mill. kr). Av bokført behaldning på 48 mill. kr ved siste årsskifte er 43,218 mill. kr sett av til ulike investeringsføremål i 2015 og seinare.

Kommunestyret har lagt til grunn at næringsfondet skal tilbakeførast til hovudstolen.




## Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet var 20,3 mill. kr ved utgangen av 2014; ein auke på 4,0 mill. kr frå førre årsskifte. Av dette er 8,5 mill. kr knytt til premieavvik (som vil belaste driftsrekneskapen seinare år), 1 mill. kr til prinsippendringar i rekneskapen, og 1 mill. kr til ev. eigendel ved forsikringsskade. I tillegg er vedteke årsbudsjett 2014 saldert med bruk av 8,7 mill. kr av disposisjonsfondet.

## Arbeidskapital

Kommunale rekneskap har fokus på endringar i arbeidskapitalen.

- Tilgang på midlar**  
(inntekter og innbetalingar)
- Bruk av midlar**  
(utgifter og utbetalingar)
- = Endring arbeidskapital**




Redusjonen på 6,36 mill. kr i arbeidskapital inneber tilsvarende nedgang i fondsmidlane.

## Funksjonar og ansvar

Årsbudsjett og økonomiplan er vedteke med funksjon som hovudinndeling. Funksjonane peikar på type behov kommunale tenester skal dekkje, og kva grupper tenestene vender seg til. Tilsvarande inndeling er nytta i årsrekneskapen, som gjev ei meir detaljert framstilling av den økonomiske verksemda.

Vidare i årsmeldinga er ansvar nytta som hovudinndeling. Medan funksjonsinndelinga er uavhengig av politisk og administrativ organisering, er ansvarsinndelinga sett opp i samsvar med den administrative organiseringa av kommunen:

- *Rådmannskontoret*  
(ansvar 100-108)
- *Skule og kultur*  
(ansvar 200-290)
- *Helseavdelinga*  
(ansvar 310-319)
- *Institusjons- og heimebaserte tenester IHT* (ansvar 320-339)
- *Landbruk teknisk*  
(ansvar 400-490)



Figuren til høgre viser fordelinga av brutto driftsutgifter mellom desse.


I tillegg er det eit felles ansvar: *Finans og overføringer* (ansvar 900)

Skatteinntekter, rammetilskot, mva.-kompensasjon investeringar, konsesjonskraftinntekter/

fallerstatningar, konsesjonsavgifter, renteutgifter og -inntekter, avskrivingar, avsetnader og bruk av næringsfond mv. er i all hovudsak ført under ansvar 900.

## Budsjettavvik i etatane

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt budsjettvedtak blir det fastsett budsjetttrammer for kvar etat/avdeling. Sektorane bør derfor vurderast i høve til samla rekneskapsresultat, og ikkje ut i frå avvik på einskildpostar.



Det er positivt at driftsrekneskapen for etatane/avdelingane viser netto mindreforbruk. Ein kan framleis ha vore for forsiktig med å budsjettere ein del av inntektpostane, men ein del av desse var heller ikkje føresette – og/eller dei var eingongsinntekter. Rådmannen viser elles til kommentarane under driftsinntekter og driftsutgifter framanfor og til dei etats-/ avdelingsvise kommentarane til rekneskapsresultatet.

## INTERNKONTROLL

**Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:**

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemnda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den

administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll: Eit viktig styringsdokument kom til her ved at kommunestyret i sak K- 44 i møte 24.09.14 vedtok nytt økonomireglement.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet.
- Omfattande internekontrollsysten for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedrifts-helsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknad eller avvik.
- Internkontrollsysten knytt til ulike særlover og føresegner.
- Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet 2015-18.

## ETISK STANDARD

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningsliner.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement.
- Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemeld på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at mislege handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommuneleiing.

IHT – Institusjons- og heimebaserte tenester – er med i KS-prosjektet *Samarbeid om etisk kompetanseheving*. Etter noko tids drift synest etisk refleksjon å vera ein god reiskap for å auke bevisstgjering om handlingar og haldningar, betra kommunikasjon og meir profesjonell problemhandtering. Fleire prosjekt og oppdrag som krev tid samstundes og fråvær i leiinga og blant etikkretteleiarane, gjer at prosjektet ikkje kan gjennomførast etter tidsplanen. 2014 har ikkje vore noko unnatak i så måte.

IHT har fokus på etikk, og etisk refleksjon er eit godt verktøy for haldningsskapande arbeid. Det er viktig å bruke etisk refleksjon så mykje og så ofte at deltakarane får positiv erfaring med å bruke det og difor etterspør det. Rådmannen vil vurdere å utvide dette til også å omfatte andre tenesteområde i kommunen.

## LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING

**Likestillingslova § 1:**

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innbærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.*»

**Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:**

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmede*»

*barrierer og hindre at nye skapes.».*

Medarbeidarundersøkinga hausten 2012 – følgd opp med ny undersøking hausten 2014 - tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggjekomitéar alltid har med ein representant for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret i 2005 (revidert i 2014), omtalar likeløn: *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar. For å unngå uønskt deltid er det naudsynt med endring av turnusane, og for å få til større stillingar må det truleg arbeidast fleire helger i året. Kartlegging av ikkje ønska deltid har til ein viss grad skjedd i samband med innføring av nye turnusar i IHT frå 1. mai 2014.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det mange ufaglærte arbeidstakrarar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass. For tida er det om lag 15 tilsette – både kvinner og menn – som tek utdanning med sikte på å ta fagbrev som helsefagarbeidar. Fleire av desse fekk fagbrev i 2014.

Auka lønsforskjellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniørar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter innføring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tariffforhandlingane.

I kommunen var det om lag 400 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2014; om lag 317 kvinner (79 %) og 83 menn (21 %). Talet på vikarar varierer mykje og fast tilsette har auka med 5 – 6 personar etter at Introduksjonssenteret vart oppretta frå 01.01.2014.

I 2014 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 6,8 % og menn hadde 3,6 %.

I kommunestyret er 9 av 17 representantar (53 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.

Aldersfordeling fast tilsette		
Alder	Personer 2014	%fordeling 2014
opp til 25 år	14	5
25-29 år	14	5
30-34 år	29	11
35-39 år	22	8
40-44 år	31	12
45-49 år	41	15
50-54 år	36	13

Stillingsstørleik fast tilsette		
Størleik	Personer 2014	%fordeling 2014
mindre enn 20%	21	8
20-49%	28	10
50-74%	63	23
75-99%	78	29
100 %	80	30

Gjennomsnittsløn og stillingsprosent i hele organisasjonen		
Kjønn	Gj.snitt årløn	Gj.snitt stillings%
Kvinner	414585	73
Menn	441244	71
SUM	420114	72

Gjennomsnittsløn, stillingsprosent og alder, for 2014 (K=kvinner, M=menn, T=totalt)				Oversikta gjeld fast tilsette
Gruppe	Lønn	Gjennomsnitt	Alder	
	2014	2014	2014	
Råmannen med leiar- gruppe	K	621000	100	43
	M	655875	100	60
	T	648900	100	57
Mellom leiarar	K	544282	96	49
	M	553667	83	41
	T	546293	94	47
Høgskoleutdanna	K	468502	73	47
	M	519535	91	48
	T	482324	78	47
Pedagogisk personale	K	486559	85	46
	M	471989	59	51
	T	484228	81	47
Fagarbeidere oa på fagarb.nivå	K	375739	69	46
	M	375084	65	49
	T	375648	68	47
Ufag- lærte	K	344984	57	47
	M	346723	50	44
	T	345431	54	46

Denne gruppa har og med  
kons/saksbeh. i kap. 4

Rektorar/barnehagestyrar  
er med i mellomleiargruppa

# STYRE, RÅD OG UTVAL

<b>KOMMUNESTYRET</b>		<b>2013</b>	<b>2014</b>
Ordførar	Vidar Eltun (Ap)	Møte	8
Varaordførar	Aud Irene Hamre Rogn (Ap)	Saker	79
<b>FORMANNSKAPET</b>		<b>Møte</b>	<b>9</b>
		Saker	51
<b>ADMINISTRASJONSUTVALET</b>		<b>Møte</b>	<b>2</b>
		Saker	7
<b>ARBEIDSMILJØUTVALET</b>		<b>Møte</b>	<b>3</b>
		Saker	5
<b>HOVUDUTVAL FOR LEVEKÅR</b>		<b>Møte</b>	<b>5</b>
Leiar	Ove Martin Stende (Ap)	Saker	20
<b>HOVUDUTVAL FOR UTVIKLING</b>		<b>Møte</b>	<b>6</b>
Leiar	Grete Aasheim (Ap)	Saker	68
<b>KONTROLLUTVALET</b>		<b>Møte</b>	<b>3</b>
Leiar	Aud Kvale (H)	Saker	12
<b>ELDRERÅDET</b>		<b>Møte</b>	<b>5</b>
Leiar	Magnor Wigdel	Saker	12
<b>RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVN</b>			
Leiar	Arne Straum	Møte	7
		Saker	13

# RÅDMANNSKONTORET

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune

## Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

## Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellestenester, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale samarbeid: NAV, barnevern, IKT, skatteinnkrevjing og revisjon.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid og kyrkje) var 17 personar i 2014. Dette utgjorde 12,8 årsverk og er reelt om lag det same som i 2013. Stillinga som næringsmedarbeidar gjekk ut frå 01.07.2014.


## Økonomi

Ansvar 100-108		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	30 350 000	31 195 000	845 000	-2,7
	Inntekter	-4 416 000	-3 774 000	642 000	17,0
	Netto driftsutgifter	25 934 000	27 421 000	1 487 000	-5,4
Investeringsdel	Utgifter	463 000			
	Inntekter		- 0		
	Netto investeringsinntekter	463 000			

Lønsutgiftene vart 320 000 kr (4 %) høgre og kjøp av varer og tenester 631 000 kr (4,5 %) lægre enn budsjettet.

Overføringsutgiftene 534 000 kr. (6%) lægre enn budsjettet.

Refusjonar 347 000 kr (58 %) høgare og overføringsinntektene 295000 kr (10 %) høgre enn budsjettet.



## Kommunal informasjon

Vang kommune si heimeside: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no) som også har link frå **heimesida** [www.vangvaldres.no](http://www.vangvaldres.no)

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio
- Informasjon i Menighetsbladet
- Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar  
Samarbeid med regionkontoret, folkeregisteret og Innovasjon SA
- Årsmeldinga frå 2014 blir lagt ut på kommunen si heimside.  
Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.

## Næringsutvikling

Kommunestyret vedtok i sak K- 63 i møte 18.desember 2014 ny tilskotsordning, «næringsstipend» til fyrste gongs unge etablerarar i Vang. Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside.

For 2014 var det løyvd 1,62 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremarking:

Innovasjon SA:

tilskot til innovasjonssminister og næringsutviklar	1 100 000 kr
Vang-Tyn-Filefjell Reiseliv/Valdres Destinasjon	350 000 "
Tilskot til løypekøyring	170 000 "

Det var i 2014 ikkje løyving til ordninga «Retningslinene for stønad til næringsutvikling».

Løyving særskilt vedteke av formannskapet: Valdres Næringshage

(nodeavtale saman med Kontorfellesskapet 1724)	25 000 kr
Tilskot kurs «Meirverdi på gard»	15 000 kr
<u>- Tilbakeført tidlegare løyvingar</u>	<u>-0 kr</u>
<u>Sum tilskot</u>	<u>1 660 000 kr</u>

Pr. 31.12.2014 utgjorde løyvde, ikkje utbetalte tilskot til næringsutvikling 785 000 kr og er uendra frå året før. Største posten er tilsagn om løyving ifm. masterplanarbeidet.

## Moment i næringsarbeidet

Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling.

God dialog og samhandling med lokal bank.

Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark,

Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Destinasjon Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovasjon SA, og deltaking på deira arrangement:

Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål frå 2012 er omdisponert nettopp til Innovasjon SA. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selkskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringssaker. Kommunen har sidan 1. juli 2014 ingen øyremarka næringsmedarbeidar.

Innovasjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.

## Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

Hausten 2014 vart det gjennomførte ei undersøking hjå alle tilsette om kor nøgd dei er med eigen arbeidsplass og med kommunen som arbeidsgjevar. Dette er oppfølging av undersøkinga frå hausten 2012, og sjølv om resultatet varierer noko frå avdeling til avdeling er rådmannen samla sett godt nøgd med resultatet. Målet er å gjennomføre tilsvarande undersøking annakvart år frametter.

I tariffsamanheng var det hovudoppgjær i 2014. Årslønsvekst frå 2013 – 2014 i kap. 4 var rekna til 3,34%. Generelle tillegg og nye minstelønssatsar tok til å gjelde frå 1. mai. For undervisningspersonell, som var streik, gald sentrale tillegg frå 01.09.2014. Noko av lønsveksten er lagt inn med verknad frå 01.05.2015, og nytt lønssystem blir innført frå same dato. Det var gjennomført lokale forhandlingar med verknad frå 01.07.2014. Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap. 3 og 5 har verknad frå 1. mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartner m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år. I 2014 – med vidareføring til 2015 - har vi hatt særleg fokus på omstillingsprosessar og psykososialt arbeid i samband med dette.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnerar. Avtalen om Inkluderande Arbeidsliv (IA) gjeld til 31.12.2016. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråvær-arbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråvere og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior-politikk og inkludering av arbeidstakrar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

I 2014 var sjukefråværet 6,2 %, som er ein liten nedgang frå året før. Samanlikna med målsettinga om at 94 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid, er vi relativt godt nøgd med resultatet. Ved behov for tilrettelegging i ein gitt periode er det ei stor utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang. Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei fleste verneområda. Vi har take i bruk «Kvalitetslosen» som er eit system for avviksbehandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningsliner.

Om lag 10 tilsette i IHT har avslutta opplæring og take fagbrev som helsefagarbeidar. Med tanke på store utfordringar med rekruttering av fagpersonell i åra frametter var dette eit svært positivt tiltak. Opplæringa er gjennomført i samarbeid med OPUS Valdres, og undervisning har skjedd både på Leira og i Vang. Framandspråklege tok norskopplæring parallelt.

Vang kommune er rimeleg godt dekka med fagstillingar, men vi har framleis stillingar som sjukepleiar ledig.

Tre tilsette var bedne inn til ei markering av di dei hadde arbeidd 25 år i kommunen.

## **Eldrerådet**

Vang eldreråd har hatt 7 medlemar, 5 pensjonistar og 2 politikarar.

Rådet har hatt 5 møter, og behandla 17 saker.

Rådet har uttalt seg i følgjande saker:

- IHT tenestebeskrivingar
- Folkehelsemelding 2015
- Årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
- Den kulturelle Spaserstokk
- Brukarmedverknad innanfor IHT i Vang kommune(felles uttale med RMF)

Aktivitetar:

Randi Eltun har vore representant i ei arbeidsgruppe som sett opp forslag om disponering av midlar frå den Kulturelle Spaserstokk, som vert administrert av biblioteksjefen.

Styret var representert i:

Felles møte for eldrerådet og RMF vedr. fleir brukshall 14.03.14

Felles møte for eldrerådet og RMF vedr. brukarmedverknad IHT 06.05.14

Regionalt felles møte for eldreråda i Valdres, Øystre Slidre i september.

Haustkonferansen på Honne i oktober i regi av fylkeseldrerådet i oktober.

Vang eldreråd arrangerte dette året:

-Aktivitetsdag/ temadag i Øye 3. juni med tema Brannsikkerheit / forebyggjande tiltak i heimen (inkludert underhaldning, servering og gåtur)

-Arrangement på Torsheim med «Blått Gådn» 16.oktober

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Arne Straum har vore leiar og Bjørg Olimb nestleiar sidan 03.11.11.

Rådet har hatt 7 ordinære møte og behandla 15 saker:

Årsmelding og rekneskap for Vang kommune 2013

Gjeve uttale til reguleringsplanar og Kommuneplan for Vang

Årsbudsjett og økonomiplan for Vang kommune for 2015 – 2018

Innspel vedr. ferie- og fritidstilskot til funksjonshemma

Innspel til tenestebeskrivingar IHT.

Møte saman med Eldrerådet vedr. større grad av brukarmedverknad innanfor IHT. Det er sendt brev til hovudutval for levekår om å ta opp brukarmedverknad innanfor IHT som sak.

Rådet har vore representert på møter på regionalt nivå.

Randi Bang Søndrol er rådet sin representant i byggekommitèen for Fredheim barnehage.

Bjørg Olimb er rådet sin representant i plan- og byggekommitèen for utbygging på VBU.

## **Kontrollutvalet**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tilegjengelege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal. Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret som referatsak kvart år.

## **Barnevern**

Barneverntenesta er organisert som interkommunalt samarbeid mellom Vang og Vestre Slidre, med Vestre Slidre som vertskommune. Tenesta har fire heile fagstillingar. I tillegg er det ei mellombels 50 % stilling dekt av statlege midlar. Tenesta har også ei 40 % merkantil stilling til hjelp med arkiv og kontoroppgåver. 20 % av denne stillinga vart inndratt i første halvår for 2014, det vart igjen oppretta 20% stilling f.o.m. 01.07.2014, grunna endring og ekstra satsing frå sentralt hald på oppfølging av barn i fosterheim.

Barneverntenesta skal sikre at barn og familiar som lever under vanskelege tilhøve skal få naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal først og fremst bidra til at foreldre klarer å ta vare på barnet sitt gjennom hjelpetiltak i heimen. Det kan ytast tiltak fram til 23 år.

Barnevern er samansett, ein kjem tett på mange familiar med ulike utfordringar, og dette krev engasjement og høg kompetanse hjå saksbehandlarane. I 2014 har vi hatt både permisjonar og sjukmeldingar som har gjort at vi tidvis har hatt vakante stillingar. Personalet har i dette året stått på og jobba ekstra. På slutten av året klarte vi å få fylt opp med kvalifiserte vikarar.

Mål og viktige planar er førebyggjande arbeid, fange opp familiar med problem så tidleg som råd, og å styrke det tverrfaglege samarbeidet.

For Vang vart det motteke 20 meldingar i 2014, av desse vart to henlagt, dei andre førte til undersøking. Av undersøkingane vart 4 henlagt. Ei sak vart sendt inn for avgjerd i Fylkesnemnda.

Ved slutten av året er det i Vang kommune 23 barn som har hjelpetiltak. Omfanget av hjelpetiltak varierer mykje; frå leksehjelp, råd og rettleiing til frivillig fosterheimspllassering, nokre av barna mottek i perioder fleire typar hjelpetiltak samstundes. Eit barn er under omsorg av kommunen, v/barnevernet etter Lov om barneverntjenester § 4-12.

Det er utarbeidd tiltaksplan for alle barn med tiltak. Barneverntenesta samarbeider mykje med andre instansar.

# KYRKJE

## Målsetjingar

- Best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar.
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette.
- Aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande.
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge.
- Legge til rette for besökande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand.
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket .
- Auke informasjon og synleggjering.

## Vang prestegjeld og Kyrkjeleg fellesråd

- I kyrkjene vart det halde 60 gudstenester med i alt 3393 deltagarar, 13 døypte, 18 konfirmerte, 5 par vigde, 20 gravlagt, og 10 konsertar med 1191 tilhøyrarar.
- Kyrkjeleg fellesråd har hatt 6 møter og behandla 24 saker. Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr. 162.045
- Sjølv om Vang er ein liten kommune, er det viktig å gi uttale på høyringar. Fellesrådet uttala seg om «Lik og likskap» (om betaling for kremasjon, gravlegging og grav) og både sokneråda og fellesrådet uttala seg om «Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille»
- Kyrkja skal sjølv sørge for trusopplæringa for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Valdres prosti får ei fast tildeling av midlar til trusopplæring over statsbudsjettet. Vang har no 20% stilling for trusopplærar og mange gode aktivitetar er godt i gang. Soknepresten og trusopplærarane har, i samarbeid med sokneråda, ei heilt nødvendig oppgåve i organiseringa av trusopplæringstiltaka.
- Det er etablert ein god kommunikasjon mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld økonomiarbeidet, men det kan bli betre.
- Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje som har vore opne med omvisar og St.Tomaskyrkja har vore open utan omvising. Besøkstalet har halde seg ganske jamt. Valdres Destinasjon står for administrasjonen av omvisinga, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Eit regionalt stavkyrkjeforum ser på fellestiltak som omvising og kursing. Eit forum for alle stavkyrkjeeigarar i landet har fokus på merkevarebygging og å auke verdiskapinga gjennom samarbeid med alle stavkyrkjeeigarar.
- Riksantikvaren avslutta sitt stavkyrkjeprogram ved Øye stavkyrkje.
- Onsdagskafeen i Drengestøga held fram.

## Vedlikehald og utbetringer

- Vedlikehaldslista blir teke opp ein gong i året, og tiltak blir meldt til teknisk etat. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane vert det gjort mykje godt praktisk arbeid. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen er godt, og utekarane i teknisk etat og kyrkjegardsarbeidaren samarbeider om mykje dagleg vedlikehald.
- Drengestøga vart meir universelt utforma, med rekkverk ved inngangen og lyddemping i møterommet. Nye lydanlegg vart installert i alle kyrkjer.
- Punkterte glas i St.Tomaskyrkja vart bytt ut, og kyrkja sjølv betalte det meste av dette av eigne midlar. Taket på Drengestøga vart tetta og kyrkjegardsmurane i Vang vart reparert. I Høre vart sørveggen beisa, taket reparert og det store treet midt på kyrkjegarden vart fjerna.

- Tusenårsstaden i Vang kommune vart opna ved Høre stavkyrkje i juni. Det var gudsteneste med fullsett kyrkje, og festsamvær på skulen etter den offisielle opninga. Eit langvarig arbeid er med dette avslutta.
- Reguleringsplanen Øyebakkin er ikkje ferdig, men ein har kome noko lenger. Kommunen har vedteke å prioritere tiltaka som er viktige for ordinær kyrkjedrift; ny veg, parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden. Det er god dialog mellom kommunen og Riksantikvaren når det gjeld vassforsyning;brannsikring og plassering av teknisk rom/servicebygg.
- Parkeringstilhøva ved St.Tomaskyrkja har aldri vore avklara med stølsnaboar. Kommunen har teke tak i saka, og planen er å lage ein plass nede ved vegen på vestsida av innkøyringa.
- Facebook-side for kyrkja kom i gang i 2014 under namnet: «Kyrkja i Vang. Det er dagleg leiar og soknepresten som administrerer den. Aktuelle saker vert lagt ut, og bilete frå diverse aktivitetar.

## **Planar og utfordringar framover**

- Kommunereform: Følgje opp kommunestyret sitt vedtak her ved å skaffe tilstrekkeleg grunnlag for beslutning i kommunestyret i løpet av 2015 om Vang framleis skal stå som eigen kommune, eller om det er aktuelt å søkje samanslåing med nabokommunar/ andre kommunar.
- Oppfølging av vedteken planstrategi i kommunestyret i 2012, sak K-14/12.
- Oppstart av ny prosess om planstrategi for vedtak innan utgangen av 2016.
- Utarbeiding og vedtak i sak om plan for folkehelse i Vang i juni 2015.
- Vedtak på rullert arealdel av kommuneplanen for Tyinkrysset om mogleg ila. 2015.
- Betra økonomisk balanse i den kommunale drifta.
- Ståande vurdering og forvalting av kommunen sine kraftrettar.
- Internkontroll; ytterlegare bruk av det elektronisk systemet, Kvalitetslosen. (Rapportering på avvik og risikovurdering.)
- Utvikle dei gode kyrkjelege tiltaka for barn og unge.
- Få godkjent reguleringsplanen på Øyebakkin, og arbeide for at planen blir sett ut i livet.
- Sikre opphevet på kyrkjeklokken i Heensåsen kyrkje, og måle delar av kyrkja.
- Gjere inngangen til Øye kyrkje universelt utforma.
- Arbeide for at Valdres Destinasjon kan halde ope både stavkyrkjene.
- Samarbeide med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak.
- Gjera både kyrkjer og kyrkjelege aktivitetar meir kjent for turistar.

# SKULE OG KULTUR

Etatsleiar: Skule- og kultursjef Jon Eggen

## Målsetjingar

- Grunnskule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innafor tildelte budsjetttrammer.

## Hovudarbeidsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvern arbeid, motorferdsel i utmark og drift av introduksjonssenteret for Vang med flyktningeteneste og vaksenopplæring.

Talet på tilsette i 2014 var 126 + 9 ungdommar i sommarhalvåret.

Dette utgjorde ca. 78 årsverk.


## Økonomi

	Ansvaret 200-290	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Driftsdel	Utgifter	60 708 000	59 776 000	932 000	1,6
	Inntekter	-16 404 000	-14 411 000	1 993 000	13,8
	Netto driftsutgifter	44 305 000	45 365 000	1 060 000	-7,4
	Investeringsutgifter	19 325 000			

Som ein ser har etaten meirinntekter på 1,9 mill, av dette er 0,9 mill bukt for å dekke auka driftsutgifter.

Meirinntektene fordeler seg i hovudsak mellom refusjon av sjukeløn og øyremerka midlar til minoritetsspråklege barn i grunnskule og barnehage.

Meirutgiftene er i hovudsak knytt til forsterka opplegg for desse



barna, til utgifter knytt til det store elevtalet ved introduksjonssenteret og til busetting av flyktningar.

## **Skule- og kulturkontoret**

På skule- og kulturkontoret er det etatssjef, konsulent, barnehagestyrar og kulturskulerektor.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektorar, inspektør og biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for introduksjonssenteret. Dei tillitsvalde deltek også på nokon av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytt i alle einingar i organisasjonen.

Innafor denne etaten sitt ansvarsområde er det etablert reginale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage bibliotek og kulturskule. Samarbeidet i desse foruma er fortida tidkrevjande og utbyttet står ikkje i forhold til tidsbruken.

*I det følgjande blir det presentert eit redigert utdrag av kvar enkelt eining si årsmelding.  
Dei fullstendige årsmeldingane er tilgjengeleg på skule- og kulturkontoret.*

## **Barnehagane**

Vang har full barnehagedekning. Barnetalet gjekk ned frå 81først på året i 2013 til 71 på slutten av året 2014. Av dei 71 barna følgde 21 skuleåret. Vang er av dei kommunane i Oppland som ligg høgst når det gjeld andel av eitt- og toåringar i barnehage (oppunder 90 %). Hausten 2014 var det 18 minoritetspråklege barn i barnehagane.

Fredheim barnehage og Åsvang naturbarnehage har vore under same tak heile 2014. Fredheim barnehage vil stå klar til innflytting hausten 2015. Åsvang har klart å huse over 40 barn på ein god måte. Det er rikeleg med plass inne og ute. Sommaren 2014 vart det rydda mykje skog på Åsvang sitt uteområde og dei gamle lerketrea har «gjennoppstått» som flotte treskulpturar.

Øye barnehage har 16 barn i alderen 1-5 år, og her er det også god plass til det barnetalet me har no.

Ryfoss barnehage har 24 barn og byrjar no å bære preg av lang tids bruk. Det er derfor ønske om oppgradering eller flytting til nye lokale på Høre skule. Kommunestyret har gjort vedtak om å utgreie dette.

Årsplan forma som kalender vart laga også i 2014, noko som foreldre og andre set pris på.

Medarbeidarsamtaler, foreldresamtaler og observasjonar syner at både barn og vaksne trivst og utviklar seg i alle barnehagar.

Dei siste åra har det vore mangel på utdanna pedagogar, men dette har betra seg siste året. Dette barnehageåret er ca. 166 % stilling dekt av fagarbeidarar på dispensasjon mot 400 % stilling førre barnehageår.

## **Skulane**

Talet på elevar i grunnskulen har dei siste åra gått jamt nedover. I 1999 var det 228 elevar i grunnskulen i Vang, inneverande skuleår er talet 173. Dette gjev ein reduksjon på 55 elevar dei siste 16 åra. Denne nedgangen gjev i følgje KS sine berekningar ein årleg reduksjon i statlege overføringer til Vang kommune på min. 4,5 mill. kr. Utifrå fødselstala dei siste åra vil elevtalet gå ned til ca. 155 i 2021.

Skulane viser i sine årsmeldingar til at dei har hatt eit godt arbeidsår. Faste rapporteringsrutinar knytt til kvalitetsvurdering og HMS gjev god oversikt over læringsutbytte og skulemiljø. Der det er nødvendig arbeider vi med forbeteringar. Personalsituasjonen er god med eit solid og godt kvalifisert personale.

Leksehjelpordninga har god tilslutning både i Høre og på VBU.

## VBU

**Resultatvurdering:** Hausthalvåret 2014 har vore spesielt. Alle elevane på mellomtrinnet vart ved skulestart overført til Høre skule i samband med utbygginga av VBU og elevane på måskuletrinet vart overført til Øye skule, mens ungdomstrinnselevane er att på VBU. I høve til nasjonale prøver har skulen difor berre resultat frå ungdomstrinnet i 2014. For 8. trinn ligg resultatet på fylkes- og landsgjennomsnittet i engelsk og lesing, i rekning litt under. Også for 9. trinn ligg resultatet i lesing på fylkes- og landsgjennomsnittet og i rekning litt under. Avganskullet i 2014 hadde 41,9 i grunnskulepoeng. Dette er over landsgjennomsnittet på 40,3, og også over dei andre Valdreskommunane.

**Kompetanseutvikling,** tilsette har delteke på desse kompetansehevande tiltaka: skulebasert kompetanseheving i klasseleiing, kurs for opplæring av minoritetsspråklege elevar, etterutdanning i norsk, nasjonale samlingar for rektor og ressurslærar i samband med klasseleiingsprosjektet «Ungdomstrinn i utvikling».

**Skulelokala:** På tampen av året vart det sett i gang riving i klasseromsfløya og undervisningsromma til naturfag og kunst&handverk. I skrivande stund er Sanne & Hauglid i gang med oppsetjing av nye delevegar i desse areala. Personalet og elevar gler oss til å ta i bruk funksjonelle og fine lokale frå neste haust og til heile anlegget står ferdig hausten 2016!

**Planar framover:** Det viktigaste arbeidet i tida framover blir å syte for ein god overgang frå dei eksisterande skulane og inn i den nye skulen, for både elevar og tilsette. Målet er stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheter hjå elevene, og færre elevar med enkeltvedtak for spesialundervisning. Like viktig er det at elevane trivst og opplever eit godt miljø på skulen! For å få til dette treng skulen endå betre kunnskap om kvar einskild elev sine utviklingspotensial på ulike område, og kontrollert oppfølging av opplæringa og utviklinga. Testar, kartleggingar og samarbeid mellom faglærarar og ikkje minst heim og foreldre blir viktig. Skulen har starta eit meir systematisk arbeid enn tidlegare, i høve til bruk av resultata frå nasjonale prøver.

## Høre skule

**Resultatvurdering:** Rammetimane (lærartimar og assistenttimar) har gjeve rom til å organisere ein god 7-delt skule, med 4 grupper på småskulesteget og 3 på mellomsteget. Skulen har systematiske kartleggingsprøver i samsvar med kommunale føringar. Skulen har også god tilrettelegging for IKT og kompetanseheving her må skje kontinuerleg. Som før om åra har skulen hatt ekstra fokus på basisfaga, noko som har god verknad på læringsutbyttet for elevane. Skulen er veldig tilfreds med aktivitetsnivået i friminutta, og deltek på opplegget med elevar som trivselsleiarar. Dette fungerer bra for å unngå lediggang og er også gunstig for å unngå mobbing.

**Kompetanseutvikling:** Skulen sokjer oppdatering gjennom etterutdanning og kurs i samsvar med kompetansebehova i kommunen. Deltek no m.a. i prosjektet skulebasert kompetanseheving i klasseleiing.

**Planar framover:** Legge til rette for ein trygg og god overgang frå Høre skule til VBU for elevar og lærarar, og ei best mogleg løysing av skuledrifta under byggeprosessen.

## Skulefritidsordning

Høre skule har skulefritidsordning etter skuletid for 1.- 4. årssteg, VBU også om morgonen. Ca. 15 barn nyttar dette tilbodet.

## Logoped

Dette skuleåret får 22 barn regelmessig logopedhjelp; 16 i grunnskulen og 6 i barnehagane. Tenesta er no organisert gjennom PPT Valdres, med unntak av 20 % stilling som er helde att til bruk i Vang. Etter omorganiseringa brukar logopeden meir tid til å rettleie personalet i skule og barnehage, slik at dei kan følgje opp og gjennomføre treningsopplegg med barn som har behov for hjelp. I årsmeldinga si peiker logopeden på at det kunne vore ønskeleg med meir kapasitet til å støtte dei barna som treng logopedhjelp.

## Kulturskulen

Kulturskulen hadde 86 elevar i vårsemesteret og 84 elevar i haustsemesteret.

Dei mest populære disiplinane dette skuleåret er kor med 20 elevar, gitar med 11, showdans med 10, piano med 8, song med 7 og hardingfele med 6 elevar. Det er høgt nivå på elevprestasjonane, og elevar frå Vang har dei siste åra gjort ein god innsats m.a. på ungdommens kulturmönstring (UKM). Elevar frå kulturskulen har hatt innslag på 15 arrangement i 2014.

## Introduksjonssenteret

Introduksjonssenteret i Vang hadde offisiell opning på Lund den 2. juni, men har vore i drift sidan nyttår, då felles norskopplæring og flyktingteneste med Vestre Slidre vart oppløyst. Elevtalet har auka gjennom året til 86 elever i haustsemesteret. Fire elevar er busette flyktingar, 84 bur på Vang mottakssenter. I tillegg har det vore 15 elevar på kveldskurs i norsk for arbeidsinnvandrarar.

Introduksjonssenteret har 6 tilsette fordelt på 430 % stilling. Personalsituasjonen er god med eit solid og godt kvalifisert personale. Det blir undervist i norsk og samfunnsfag og organisert arbeidsretta aktivitetar for nye innvandrarar.

Introduksjonssenteret tilrettelegg busetting og gjennomfører introduksjonsprogrammet for dei busette flyktingane i kommunen.

Vang kommune har vedtak om busetting av 15 flyktingar i perioden 2014-2018.

Introduksjonsprogrammet går ut på Integreringsarbeid er ei viktig oppgåve for oss.

Introduksjonssenteret saman med Frivilligsentralen, Innovasjon og NAV starta i 2014 prosjektet Integrerande arbeidsliv. Sjå meir om dette under årsmeldinga til Frivilligsentralen.

**Spesialundervisning for vaksne** har også tilhald på Lund. Omfanget av undervisninga er omrent som før og inneheld øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheiter. Undervisninga skjer både i lokala på Lund, på VBU, utandørs i ulike miljø og i bustadane til elevane.

## **Idrett og friluftsliv**

Også i 2014 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 ruter på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka. Digitalisert utgåve av boka vart klar i 2014. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslag, vedlikehald, slått og stell på Tveit stadion, støtte til FK Vang i samband med deltaking på *Norway Cup* og idrettsstipend til ungdom.

## **Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.**

I 2014 vart det behandla 22 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark.

## **Ungdomsarbeid**

I 2014 har vi m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom:  
Ungdomsrådet, ungdomsklubben, Jotnerock, ungdommens kulturmönstring, idrettsstipend til ungdom, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som vi kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp.

## **Kino**

Det har vore mange fine kinoopplevelingar i auditoriet med Bygdekinoen. Tilboden har vore godt besøkt i 2014, og den lokale dognadsgrupa skal ha ros for at dei har fått i gang att eit kinotilbod i Vang!

## **Kulturvern**

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisningsopplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

## **Kultur og næring**

Klokkarhaugen er ein kombinasjon av kafé, ”fjellbutikk” og generell turistinformasjon. Besøkstala sist sommar var gode, og vi får mange positive tilbakemeldingar. I arbeidet med næringsutvikling er kultur eitt av satsingsområda. Kulturvern og tilretteleggning for friluftsliv må også sjåast i samanheng med dette.

## **Arrangement og økonomisk støtte**

Skule- og kulturetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: Jotnerock, Ungdomens kulturmönstring, klubbkveldar, utstillingar, konserter og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg godt over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte til lokale lag, tiltak og arrangement, og vi har halde dette nivået også i 2014.

## Bibliotek

Målsetjinga for biblioteket er å vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda. Biblioteket skal og vere ein uavhengig møteplass for offentleg samtale og debatt.

Utlånet av bøker for vaksne gjekk litt opp i 2014 . Ein meir aktiv formidling av litteratur og eit litt romslegare bokbudsjett kan vere ein grunn. Frå 1.juli har biblioteket hatt eit tilbod med lån av e-bøker.

Utlånet av litteratur til barn og ungdom har halde seg stabilt i 2014, etter ein nedgang over fleire år. 1.august vart det tilsett ein barne- og ungdomsbibliotekar i 50 % stilling. Ho har brukt hausten til å gjere seg kjent med bibliotekarbeid, litteratur, barnehagar og skuler.

Besøkstalet var 23 440 mot 19 000 i 2013. Eit høgt besøkstal og aktivitetsnivå gjer at vi må tenke nytta når det gjeld utforming av lokala og lagerplass for ulike behov. Sjå prosjekt *Fribib* under Frivilligsentralen.

Valdresbiblioteka har fått på plass ein felles heimeside. [www.valdresbiblioteka.no](http://www.valdresbiblioteka.no)

Biblioteket har stått for ulike arrangement og utstillingar. Mange i samarbeid med Frivilligsentralen, men og noen i samarbeid med lokale lag og foreiningar. Nokre lag har og nytta tilboden om å låne lokala til eigne aktivitetar.

## Frivilligsentralen

**Kontaktinfo:** frivilligsentralen@vang.kommune.no  
Tlf. 61 36 94 25 / 46 81 64 73

[www.vang.frivilligsentral.no](http://www.vang.frivilligsentral.no)  
[www.facebook.com/vangfrivilligsentral](http://www.facebook.com/vangfrivilligsentral)



**Styret:** Carl Philip Weisser (styreleiar), Elisabeth Sparstad (nestleiar), Solveig Rønneberg, Margrete Fagerheim, Hallgrim Rogn, Fulan Yang (vara), Linda Jevne (vara) og Ole Jørgen Tveit (vara). Hovudutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen.

**Frivillige:** 87 registrerte. Av desse er 49 menn og 38 kvinner. 59 er bufaste og 28 er bebuarar på mottakssenteret. Til saman har dei i 2014 utført om lag 600 timer med frivillig arbeid.

**Tilbod som er nytta i 2014:** Språkven (9), leksehjelp (4), turven (1), hjelpetenester (22), besøksven (1) og øvingskøyring (3).

**Arrangement:** Saman med biblioteket har frivilligsentralen arrangert 37 arrangement med tilsaman om lag 1320 besøkande. 20. mars vart eit-årsjubileet markert med fest for alle frivillige.

**Prosjekt:** *Integrerande arbeidsliv - eit bulystprosjekt.* I juni 2013 fekk frivilligsentralen saman med Innovangsjon SA (prosjekteigar), introduksjonssenteret og NAV 420.000,- frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til bulystprosjektet "Integrerande arbeidsliv". Prosjektet har som hovudmål å hjelpe busette flyktningar inn i arbeidslivet og på den måten sikre at dei blir buande i Vang. Sentralen leiar prosjektet og har m.a. ansvar for dei frivillige bulystvenene. I 2014 har prosjektgruppa arrangert mellom anna skidag, jobbsøkerkurs med JobbX, informasjonsmøte for næringslivet og lagd film om prosjektet som får merksemd i fleire regionar. Det er også kjøpt ein bil til øvingskøyring.

*FriBib* - Saman med biblioteket fikk frivilligsentralen 60.000,- frå Nasjonalbiblioteket til eit forprosjekt for å utvikle biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass. Etter ein studietur til to Deichmanske bibliotek i Oslo vart det arrangert eit todagars verkstad med interiørarkitekten Mette Milling. I desember vart det tildelt 150.000,- til gjennomføring av sjølve prosjektet som vil halde fram i 2015.

**Samarbeid:** Sentralen tok initiativ til eit integrasjonsforum som har hatt tre møte i 2014. I forumet sit representantar frå mellom anna skule, barnehage, helseteneste, bibliotek, introduksjonssenter, mottak og næringsforum. Målet er å kartlegge utfordringar i integreringsarbeidet og kome fram til gode løysingar på tvers. Nokre resultat av dette er kveldskurs i norsk på introduksjonssenteret, plan om foreldreks kurs/utvida foreldremøte for fleirspråklege foreldre i skule/barnehage samt at alle er meir bevisst korleis ein kan samarbeide med dei andre institusjonane i eige arbeid.

**Utfyllande årsmelding finn du på sentralen si nettside.**

## PLANAR OG TILTAK FRAMOVER

### Barnehagane

- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø
- Legge til rette for kompetanseutvikling hjå dei tilsette

### Skulane

- Følgje opp kommunestyrevedtaket om endring av skulestrukturen og utbygging av VBU
- Legge til rette for kompetanseutvikling hjå dei tilsette
- Redusere behovet for spesialundervisning gjennom tidleg innsats og god tilpassa undervisning
- Legge til rette for eit godt elev- og skolemiljø

### Kulturskulen

- Opprettehalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet

### Vaksenopplæringa

- Legge til rette for god drift av det nyopprettet introduksjonssenteret for Vang

### Kultur

- Støtte opp om ungdomsrådet og følgje opp tilrettelegging av fritidstiltak for ungdom
- Følgje opp gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Vidareføring av Kongevegprosjektet
- Nødvendig vedlikehaldsarbeid på Leinekvernene
- Stimulere til, og støtte vedlikehald og istandsetjing av gamle bygningar og bygningsmiljø
- Stimulere til, og støtte forskjønning- og trivselstiltak
- Ta initiativ til og støtte ulike kulturarrangement

### Biblioteket

- Vidareutvikle biblioteket til ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod

### Frivilligsentralen

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i heile kommunen

# HELSEAVDELINGA

Leiar: Kommuneoverlege Sidsel Offergaard Jevne

## Hovudarbeidsområde

- Allmenn individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgsteneste- lova: Legeteneste, fysioterapi, ergoterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid


Talet på fast tilsette var 17 personar i 2014. Dette utgjorde 10,5 årsverk.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar ved legekontoret.

## Økonomi

Ansvar 310-319 Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
		kr	%
Driftsutgifter	12 693 000	12 975 000	282 000
Driftsinntekter	-4 813 000	-4 580 000	233 000
Netto driftsutgifter	7 880 000	8 395 000	515 000

Netto mindreforbruk har fleire ulike årsaker. Medfinansiering av sjukehustenester vart kr 80.000 mindre enn budsjettet. Statleg tilskott til helsesyster si utdanning (kr 142.000) gjeld også utgifter som kjem i 2015 og gjev difor kunstig høg inntekt i 2014. Vidare er det sjukmelding eller svangerskapspermisjon utan motsvarande bruk av vikar, og dagsenteret for psykiatriske pasientar har vore rimelegare enn budsjettet. Elles er det generelt mindreforbruk på dei fleste tenesteområde.



## Legekontoret

Legetenesta er utført med tre faste legar heile 2014. I periodar har det vore leigd inn legevikar - same vikar i fleire år - for å få avvikla ferie og kursfråvær utan altfor stor ekstrabelastning for attverande legar, spesielt med omsyn til vaktbelastning. Med full legebemannning er det høgt nivå på individretta førebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester, og

terskelen for å få rask hjelp ved behov er særslig låg. Det er stor etterspurnad og svært høg arbeidsintensitet.

Administrativt arbeid tek mykje tid, så det har framleis ikkje vore mogleg å få utført alt naudsynt samfunnsmedisinsk arbeid. Individretta førebyggjande arbeid er prioritert, og tilsyn med sjukeheimen har vore utført tilsvarande fast ca 20 % stilling, og dessutan ofte tilkalling eller telefonkontakt utanom fastsett tid.

Stillingsheimelen for hjelpepersonell ved legekontoret er svært liten. Situasjonen er spesielt sårbar ved ferie og anna fråvær, då også vikarmoglegheitene har vore små. Elektroniske løysingar for betaling, tinging av time og resept og liknande er til vurdering for å spare hjelpepersonell-ressurs.

All legevakteneste har vore samla på Fagernes frå 1.1.2014.

Sjukepleieren ved asylmottaket opplever stort press, og stillingsressursen på 80 % er i periodar for liten. Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring, ettersom språk- og kulturforskellar gjer mange konsultasjonar svært tidkrevjande.

Det er utarbeidd system for internkontroll – HMS og kvalitetsarbeid. Det har mangla tid til å vedlikehalde og vidareutvikle dette, sjølv om dette er ei prioritert oppgåve for å sikre godt arbeidsmiljø og god kvalitet på tenestene. Vernerunde har avdekt ein del tilhøve som er retta, men det har ikkje vore kapasitet til å følgje opp alt. Det er starta arbeid med ROS-analyse.

## Helsestasjon og skulehelseteneste

Denne tenesta er utført med 1,5 årsverk pluss lege i ca 0,1 årsverk. Dette sikrar barn og unge helsefremmande og førebyggjande arbeid av høg kvalitet. Det er spesielt fokusert på helseopplysning til foreldre og støtte til meistring og positiv utvikling hjå barn og unge. Det er utstrekta tverrfagleg samarbeid med andre yrkesgrupper, som skule og PPT. Spesielt viktig er samarbeid med psykisk helseteneste overfor skuleungdom, både for generell førebygging og for å fange opp enkeltungdommar med spesielle behov. Dette er avgjerande for å bidra til ein god oppvekst for alle.

Helsestertenesta er også sentral i det rusførebyggjande arbeidet. Ei av helsestasjonene tar vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge, den andre har fullført opplæringsprogrammet *Tidlig inn, Med barnet i mente* om barn av foreldre med rusproblem eller psykiske problem, som vart avslutta i 2014.

Det er interkommunal jordmortenesta knytt til Valdres fødestogo.

## Fysioterapi og ergoterapi

Det har vore full bemanning av fysioterapeutar i perioden, med 1,0 årsverk for kommunefysioterapeut og to privatpraktiserande fysioterapeutar i til saman 1,0 årsverk. Den eine av desse har spesialutdanning i psykomotorisk fysioterapi, som er svært nyttig.

Fysioteritenesta er framleis ikkje kopla opp mot Norsk Helsenett, så ein del administrative rutinar er meir tidkrevjande enn nødvendig.

Engasjementet i kvardagsrehabilitering er lagt på is, fordi det ikkje er forankra i organisjonen. To av fysioterapeutane deltek i interkommunalt samarbeid om barnefysioterapi.

Ergoterapeuten hadde permisjon til september -14, med full innleige av vikar. Arbeidet med bustadtilpasning og tilrettelegging for aktivitet og deltaking vart godt ivaretakke. Det er for tida ikkje skrivedans i samarbeid med barnehagane, men dette er eit tilbod som kan setjast i gang

att ved behov eller ynskje. Tilbodet til korttids-/rehabiliteringsavdelinga er vidareført, og ergoterapeuten har i samarbeid med Uppigarden nytta heimebesök saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig. Ergoterapeuten deltek i tverrfaglege møte i IHT og er med i tildelingsteamet i IHT. Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut.

Fysio- og ergoterapitenesta er godt budd på oppgåver som måtte kome med samhandlingsreforma/lokalmedisinsk senter og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver innan kort tidsfrist.

## **Psykisk helseteneste**

Psykisk helseteneste er retta inn mot personar i vanskelege livssituasjonar, samt menneske med psykiske lidingar, deriblant asylsökjarar, skuleelevar og alderspsykiatriske pasientar. Tenesta tilbyr oppfølgjing av enkeltpersonar, familie og nettverk, i form av samtalar og nettverksmøte. Tilvisingar kjem oftast frå fastlegane, men enkeltpersonar kan også ta kontakt direkte med tenesta. Det er også eit viktig mål å gjere godt førebyggjande arbeid på individ-, gruppe- og systemnivå, m.a. i rusførebyggjande arbeid. Det er sterkt fokus på born med store oppvekstbelastningar pga. foreldre med psykisk sjukdom og/eller rusproblem. Psykisk helseteneste, saman med helsesyster og barnevern, har difor delteke i Sjukehuset Innlandet sitt prosjekt *Tidlig inn, Med barnet i mente*, som har gjeve kompetanseheving innan dette viktige området.

Bemannninga i psykisk helseteneste har i 2014 vore nokon lægre enn tidlegare pga. svangerskapsvikariat utan full innleige av vikar og ein periode med vakant stilling. Sist på året har det vore 1,9 årsverk med sjukepleiarar for individualsamtalar og oppsökjande verksemد. Dagsenteret blir drive av ein miljøterapeut i samarbeid med sjukepleiar. Kvar 2. fredag er det eiga gruppe som sett fokus på fysisk aktivitet. Senteret er lokalisert ved Lund og er ope to dagar i veka.

## **Frisklivssentralen**

Frisklivssentralen er godt etablert. I 2014 var det 27 nye brukarar i tillegg til dei som var vidareført frå tidlegare. Brukarane er i hovudsak tilvist frå lege, men ein del har teke kontakt sjølv. Nokon er også tilvist frå asylmottak og helsestasjon. Dei fleste ynskjer råd og rettleiing vedrørande fysisk aktivitet og kosthald.

Frisklivssentralen har hatt samarbeid om treningstilbod ved Ryfoss treningsenter i fleire år. I 2014 vart det i tillegg avtalt eit tilsvarande samarbeid med "Tyin Aktiv" treningsenter i Vang. Dette har fleire brukarar nytte av.

Det har vore tilbod om gruppetrening kvar tysdag formiddag, og det er gjennomført to kurs i "Bra Mat for betre helse", både delar med god oppslutning. Forutan gruppertilbod er det også individuell rettleiing og oppfølgjing for dei som treng det, deriblant rettleiing knytt til røykeslutt.

Våren 2014 vart det også gjennomført eit gruppentreningstilbod for personar med funksjonshemminger, med deltakarar frå både Vang og Slidre, og tilbakemeldingane var svært gode. Tilbodet vart avslutta før sommaren, då instruktøren skulle flytte. Det blir arbeidd med å skaffe ny instruktør til dette gruppertilboden.

Det har lenge vore behov for å auke stillinga for frisklivsrettleiar ut over 20 %. Vedtak om auke til 40% vart gjort i desember 2014.

## **Folkehelse**

Stillinga for folkehelsekoordinator er framleis 20 %. Primærmålgruppa for folkehelsearbeidet er leiarar på alle nivå i offentleg, privat og frivillig sektor. Elles er målgruppa folket i Vang, særleg dei som er lite fysisk aktive.

Folkehelsearbeidet skal medverke til at flest mogleg driv idrett og fysisk aktivitet ved å ta initiativ, koordinere og stimulere til samarbeid og samhandling på alle nivå. Hovudmålet er å auke talet på barn og unge som er fysisk aktive i minst 60 minutt og vaksne/eldre som er aktive i minst 30 minutt kvar dag, t.d. gjennom ulike gågrupper. I 2014 har fokus vore på tilrettelegging for enkelt friluftsliv ved tinging av gratis klopper gjennom VNK og fullføring av planlegging/tinging av gratis skilt til eksisterande og nye turmål i Vang. Planlegging og gjennomføring av trim for tilsette i kommunal sektor er ein viktig del av arbeidet.

Ny folkehelselov har vore følgd opp m.a. ved deltaking i ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å lage ein eigen folkehelseplan og ein lovpålagt folkehelseoversikt for kommunen. Arbeidet er omfattande og har trekt i langdrag, men er forventa ferdig fyste halvår av 2015. Det er også fokus på samarbeid med ulike instansar i kommunen, med folkehelsegruppa i Valdres og med Oppland fylke.

## **Planar og tiltak framover**

Etter samhandlingsreforma skal det vere auka fokus på førebygging i heile samfunnet. Folkehelselova seier at heile kommunen – ikkje berre helsetenesta – har ansvar for dette. Det er lovfesta krav om at kommunen skal ha utarbeidd eit skriftleg oversyn over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som kan verke inn på den. Dette oversynet skal vera eit viktig grunnlag for all planlegging i kommunen. Arbeidet med dette oversynet nærmar seg slutføring. I tilslutning til dette skal det utarbeidast ein eigen plan for folkehelsearbeidet.

Kommunal medfinansiering av sjukehustenester har vore kostbart. Det er stor tru på at større satsing på Frisklivssentralen med auka stilling for frisklivsrettleiar kan gi betre helse for mange. Men ordninga med medfinansiering av sjukehustenestene og statleg tilskott til dette er uventa oppheva frå 2015.

# IHT - INSTITUSJONS- OG HEIMEBASERTE TENESTER

Leiar IHT: Guro Råheim Kvam

## Målsetjingar

- Yte naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Tilby differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Tilpassa tenestene til endringar i folkesetnad, økonomiske rammer og politiske vedtak ved å redusere langtidsplassar i institusjon frå 26 til 16.
- Styrking og omstrukturering av heimetenesta med fokus på auka kapasitet, kvalitet, arbeidsmiljø og ressursstyring for å kunne ha tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov i høve til å oppretthalde høgaste moglege nivå av eigenomsorg lengst mogleg.
- Målretta praktisk bistand og hjelp i heimen til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Avlasting til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemmning, alder eller anna årsak – slik at dei kan ha omsorg for sine nærmeste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Oppfølging samhandlingsreforma: Gje naudsnyt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meiningsfylte aktivitetar
- Utvikle dagtilbod for personar med demens i tråd med Demensplan 2015.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Rom for brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- Tilpassa Vang kommune sine tenestetilbod til tenestene i VLMS.
- Implementere sjukeheimslegeordninga jf. KS-108/07.
- Arbeide aktivt for å rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.
- Helsefagarbeidar i IHT: Prosjekt kompetanseheving og vikarbank. Prøveprosjekt.
- Utarbeide ein communal plan for kompetanseheving i IHT for å møte framtida sine krav og utfordringar jf. Omsorgsplan 2015; St.meld. nr. 25 (2005-2006).

- Delta i SamAks-prosjektet: Samarbeid med Sjukehuset Innlandet om kompetanseheving i høve til pasientar med demens som kommunane no har eit større ansvar for.
- Delta i SiV – Samhandling i Valdres og prosjekt for førebu og implementere rutinar for drift og samhandling knytt til VLMS.
- Oppfølging av Etisk kompetanseheving i Vang. Prosjektet har som føremål å auke bevisstgjering rundt handling og haldningar gjennom etisk refleksjon, auka kommunikasjonskompetanse og profesjonalisert problemhandtering.
- Implementere elektronisk internkontrollsysten for å betre sikre kvalitet på tenester, arbeidsmiljø og HMS. Gjennomføring av risikovurdering gjennom kartlegging av område der det er fare for svikt, og utarbeiding av tiltak og rutinar i høve til dette.
- Implementering av Meldingsløftet med bruk av elektronisk meldingsutveksling

## Hovudarbeidsområde

Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette. Vangsheimen er inkl. vikarbant.

Miljøtenesta har i tillegg 32støttekontaktar og avlastarar.

### Vangsheimen:

16 langtidsplassar,  
10 korttidsplassar, ein tryggleikslass, dagsenter, kjøken/kantine og vaskeri.

**Heimeteneste:** Heimesjukepleie og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

**Butilbod:** 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

**Miljøarbeid:** Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov.

	Tilsette	Årsverk
Leiing og stab	8	6,55
Vangsheimen, dagsenter, heimetenester	79	40,88
Miljøtenester	42	23,70
Kjøken, reinhald, vaskeri, vaktmeister	12	8,08

## IHT

Gjennomføring av endringsprosessen *IHT 2015* har vore det store prosjektet også i 2014.

Fra mai 2014 er det redusert fra 26 til 16 langtidsplassar på Vangsheimen. Sy'garden og Midtgarden er langtidsavdelingar. Korttidsavdelinga og heimesjukepleia er på Uppigarden. Det er auka frå 8 til 10 korttidsplassar.

Det er gjennomført naudsnyt oppussing og vedlikehald ved avdelingane på Vangsheimen i samband med flyttinga av pasientar. Denne prosessen har gått greitt, takka vera god innsats frå dei tilsette.

Reduksjon av langtidsplassar har medført ei omdisponering og ein reduksjon i talet på årsverk. Heimesjukepleia er styrka med vaken nattevakt. Ytterlegare styrking er planlagt i 2015. Nedbemanninga er løyst utan oppseiingar.

I miljøtenesta er bufelleskapa samla i turnus, slik at personalet jobbar på fleire område både på Base Sør og Base Nord.

Dei største endringane i turnusane i IHT gjeld: Samanslåing av avdelingar i felles turnus for å oppnå større fleksibilitet ved at fleire fast tilsette har kjennskap til fleire pasientar/brukarar. Fleire tilsette går 3-delt turnus for å dekke nattevakter og ein har laga «hinke-helger» for å dekke fleire helger. Det er gjennomført evaluering av turnusane og naudsynte justeringar og endringar vil bli gjennomført i samarbeid med tillitsvalde.

IHT har hatt tre medlem i prosjekt *Samhandling i Valdres* (SiV), som har planlagt oppstart av VLMS. Prosjektet vart avslutta i juni 2014.

Interkommunalt samarbeid blir stadig meir formalisert. IHT deltek i mange regionale faggrupper og forum, herunder samarbeidsfora knytt til drift av VLMS.

IHT har i 2014 utarbeida tenestebeskrivingar for alle tenestane våre. Desse vart vedteke av kommunestyret i juni 2014.

Hausten 2014 er det gjennomført brukar- og pårørandeundersøkingar for sjukeheimen, heimetenesta, dagsenteret og miljøtenesta.

### Kompetanse

Prosjektet *Helsefagarbeidarutdanning i IHT – vikarbank og kompetanseheving* starta hausten 2012. Dette har vore eit 2-årig prosjekt der ufaglærte kan ta helsefagarbeidarutdanning i bedrift. Det vart oppretta 4 prosjektstillingar i vikarbank for å dekke akutt og kortvarig vikarbehov og stillingane gav samstundes dei tilsette praksis for utdanning. I tillegg til vikarbank har me nytta ei vakantstilling som opplæringsstilling både på Vangheimen og i miljøtenesta. Det er utdanna 12 rettleiarar på ulike arbeidsplassar (miljøtenesta, sjukeheimen og i heimetenesta) som har rettleia praksiskandidatane. Fordi vi hadde mange rettleiarar var det mogleg å søkje rettleiing på alle arbeidsplassar. Andre bytta avdelingen for å få meir praksiserfaring. Det har vore fleire samlingar med rettleiarar, leiarar og OPUS for å sikre kvaliteten i rettleiinga.

Totalt 12 personar fekk realkompetansevurdering og starta i september 2013 med teoriundervisning og praksis. Enkelte trengte tilrettelagt arbeidsplass for å kunne gjennomføre alle kompetansemål. 3 framandspråklege kandidatar tok ekstra norskurs for å oppnå godt nok norsk kompetansenivå til å gjennomføre teoretisk og praktisk eksamen.

Alle kandidatane kunne søkje om økonomisk støtte til utdanning frå kommunen.

I løpet av 2 år har 9 personar klart å bestå teorien og 5 personar bestått fagprøve med resultatet «Meget bra». 3 personer skal opp til fagprøve i nær framtid. 1 person må samle meir praksis og dei 3 praksiskandidatane som ikkje har bestått teorien, får vidare oppfølging frå OPUS.

Totalt seks personar har teke fagbrev som helsefagarbeidar i 2014. Me har pt. 1 lærling i helsefag.

To helsefagarbeidarar tek toårig fagskuleutdanning med fokus på geriatri, psykiatri og demens, ein hjelpepleiar tek vidareutdanning i leiing.

To tilsette er under utdanning til sjukepleiar. Ein tilsett har byrja på utdanning som vernepleiar. Ein sjukepleiar har fullført vidareutdanning i kreftsjukepleie og ein vidareutdanning i rus og psykiatri.

*Demensomsorgens ABC i Valdres* er vidareført. 16 personar fullførte dette studiet på Vangsheimen i 2014.

Fleire kurs er gjennomført: Profil for nybyrjarar og vidarekomne, elektronisk

meldingsutveksling, legemiddelhandtering, brannvern, målretta miljøarbeid, grunnopplæring arbeidsmiljø, kurs om helse- og omsorgslova kap. 9: *Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming*, internkursing på området § 9 med fagmateriell frå nasjonalt kompetansesenter for aldring og utviklingshemming og målretta miljøarbeid. Temadagar er gjennomført på kvar langtidsavdeling.

## Administrativt behandla saker etter helse- og omsorgstenestelova

Vangsheimen:	Langtidsopphald Avlastingsopphald	6 12	Korttidsopphald Tryggleikslass	65 5
Heimesjukepleie	24		Dagsenter	6
Heimehjelp/praktisk bistand	11		Avlasting utanfor institusjon	6
Omsorgsbustad	7		Brukstyrt personleg assistanse	0
Forsterka bustad	4		Miljøarbeid/praktisk bistand	5
Tryggleiksalarm	13		Støttekontakt/avlastning	23
Omsorgsløn	8		Matombringning	10
Parkeringsbevis for rørslehemma	2		Transportteneste for rørslehemma	9

Dette er søknader om nye tenester.

I tillegg kjem mindre endringar i eksisterande/vidareførte tenester.

## Økonomi

Ansvar 320-339	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	Avvik %
Driftsutgifter	69 299 000	68 603 000	696 000	1,0
Driftsinntekter	-17 051 000	-15 849 000	1 202 000	7,6
Netto driftsutgifter	52 248 000	52 754 000	-506 000	-1,0
Investeringsutgift	0			

Meirutgiftene i IHT er lønsutgifter til vikarar, forskyving av personell og ekstrahjelp/engasjement. IHT har hatt eit sjukefråvær på 8,4 % i 2014, ein liten nedgang frå 2013 (9,1%). Likevel er 4,5 person i snitt borte frå jobb kvar dag på grunn av sjukefråvær. I tillegg kjem permisjonar og ferie. Behovet for personell med rett kompetanse gjer at ein må bruke overtid og forskyve vakter som medfører meirkostnader. Me har ikkje lykkast i å rekruttere personell til årsvikariat i 2014, og har difor nytta bemanningsfirma.

Prosjektet "Vikarbant" ved Vangsheimen er evaluert i 2014. Ved å ha 1 ekstra på jobb på dag- og kveldsvakt i veka, dekker me korttidsfråværet meir effektivt. Vikarbant har vore nytta 95% i prosjektpérioden, det syner at behovet er tilstade. Vikarbant blir vidareført i permanent drift.

Meirinntektene er støtte til utdanning frå *Kompetanseløftet 2015*, tilskott til Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens, høgare brukarbetaling pga korttidsopphald over 60 døgn og sal av tenester til Vestre Slidre kommune.

Kommunen har teke imot alle pasientar med behov for tenester etter innlegging i sjukehus, men har betalt for 1 liggedøgn i 2014.

## Vangsheimen

Vangsheimen har frå 5. mai 2014 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlasting og lindrande behandling. Me har ein tryggleikslass.

I 2014 var gjennomsnittleg beleggsprosent 76,6 % (78% 2013): 99 % (84% 2013) på langtidsavdelingane og 82 % (67% 2013) på korttidsavdelinga. Tryggleiksplassen har hatt 6,58 % belegg. Grunna reduksjon i talet på plassar siste år, har beleggsprosenten auka i 2014.

Det har vore 69 korttidsopphald i 2014 mot 55 i 2013. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 30,5 døgn i 2014, dette er ei auke frå 2013, men skuldast at fleire har vore lengre på korttidsopphald i påvente av langtidsopphald. Avlastingsopphald hadde ei gjennomsnittslengde på 8,8 døgn dette er ei auke frå 4,6 døgn i 2013. Årsaka er at fleire heimebuande har faste, rullerande avlastingsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2014 hadde eit gjennomsnittslengde på 2,9 år (3,9 år i 2013).

Tendensen med større gjennomstrøyming av pasientar på Vangsheimen har auka i 2014. Me jobbar for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå.

*Sam-aks*; eit forskingsprosjekt initiert av Sjukehustet Innlandet Reinsvoll, med diagnostikk og behandling av pasientar med demens vart avslutta i 2014. Sjukehustet har gjeve våre tilsette opplæring i diagnostisering og rettleiing i demensbehandling, og bidreg med undervisning.

Etisk kompetanseheving er brukt på personalmøte og etter behov. Det har likevel vore utfordrande å ha god kontinuitet på dette prosjektet på grunn av fråvær.

Vangsheimen har framleis ei stabil personalgruppe, med mange tilsette med god kompetanse og lang erfaring.

IHT har fokus på HMS arbeid. Me har tre aktive verneombod og har jamlege møte med desse. Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråværarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidarsamtaler i alle avdelingar.

Med full legededekning frå hausten 2013, skulle legetenesta ved Vangsheimen vera i tråd med vedteken plan. Kurs, permisjon og fråvær medfører likevel at denne planen ikkje er implementert.

**Dagsenteret** er eit godt og viktig førebyggjande tilbod til heimebuande eldre. Tilboden omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2014 har det vore 17 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er ei auke på 2 frå 2013. Nokon brukar tilboden ein dag og nokon to dagar pr. veke.

Det er ulike faste aktivitetar: Sang gjennom kulturskulen kvar måndag i skuleåret, ein halvtime trim kvar dag. Det har vore andakt 12 gonger, med ei stølsmesse og ei nattverdgudstjeneste. Det er arrangert 4 festmiddagar på Fjordstøga, samt Rullatortreff med felles middag. Det har vore 2 konserter med «Genseren til Johansen». Kor og korps i kommunen, seniordansen og skule- barnehage har også bidrige med underhaldning i 2014. Det er arrangert klessal 4 gonger: 2 på våren og 2 på hausten. Desse aktivitetane er både for dagsenterbrukarar og pasientane på Vangsheimen.

Det har vore sumartur til Lærdal og 2 julebord i desember.

Dagsenteret har etablert samarbeid med frivillige som hjelper oss når det er behov for fleire hender.

Nytt av året er «Butikktralle» - Her har me ein frivillig som går rundt på avdelingane med butikktralle annankvar fredag. Dette er populært.

### **Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens**

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilboden går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette. Det er jobba godt med planlegging av tilboden i 2014. Dagaktivitetstilboden får tilhald på Nordigarden ved Vangsheimen. Tilboden startar opp i 2015 med 6 plassar 2 dagar i veka.

## **Omsorgsbustader**

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss, Grindatun og Bakkehaugen. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekontor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene mottek heimetenester på linje med andre heimebuande.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det tre ledige bustader.

### **Forsterka bustad**

Det vart sett i gang eit prøveprosjekt med forsterka bustad på Nordigarden 1. juli 2014. Forsterka bustad er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timer pr. døgn. Det er prøvd ut med 3 forsterka bustader på Nordigarden ved Vangsheimen. Behovet for tilboden er tilstade, men personalet opplever at plasseringa og nærleiken til korttidsavdelinga skapar eit for lite skilje mellom omsorgsbustad og institusjonsplass. Ein vurderer difor å fase ut tilboden ved Nordigarden og i staden gje tilsvarande tilbod ved å bemanne delvis i omsorgsbustadane på Storplogen.

## **Heimetenesta**

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det er fem heimehjelper tilsett i 50 % stillingar, i tillegg har me to faste vikarar. Ein av heimehjelpene har koordinerande ansvar for tenesta. Heimesjukepleia jobbar med ei omstrukturering av tenesta for å kunne gje fleire meir omfattande hjelp i heimen.

Ved utgangen av året var det 108 brukarar i heimetenesta, ein reduksjon på 23 frå 2013. 45 fekk heimesjukepleie, 63 praktisk bistand, av desse hadde 29 både heimesjukepleie og praktisk bistand.

Heimehjelpene yter enkle pleieoppgåver td. hjelp til personleg hygiene. Dette er del av å disponere kompetanse og ressursar betre (assistentar, fagarbeidarar, sjukepleiarar). Heimehjelpene får meir varierte arbeidsoppgåver som kan vera førebyggjande mot belastingsskadar og gje betre trivnad.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for

samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilboden til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrenings/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphold. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørende bidreg til at pasientar kan bu lengre heime.

Ved årskiftet var det 24 personar som fekk tilkøyrt varm middag. 39 brukarar har tryggleksalarm.

Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Kommunen har 20 TT-heimlar. I 2014 har alle heimlane vore tildelt. Det har også vore venteliste gjennom året. Etter tilleggstildeling hadde Vang kr. 98 000,- til fordeling, det vart brukt kr 68 000,- i 2014.

## Miljøtenesta

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei nærmaste
- Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver

Talet på tenestemottakarar i 2014 var 36, ei auke på 8 frå 2013. Fleire tenestemottakarar har meir enn ein teneste.

Det har vore arbeidd med etisk refleksjon, rutinegjennomgang og oppfølging.

**Bukollektiva** har felles burettleiar. Dette gjev tettare samarbeid og større fleksibilitet mellom bustadbasane, og det har vorte lettare å etablere felles kultur, retningsliner og rutinar. Ved kvart bufellesskap er det også ein fagansvarleg vernepleiar. Burettleiar opplever det utfordrande med fordeling mellom to arbeidsplassar/kontor, m.a. med oppdekking av vakter ved akutt fråvær, turnusoppfølging og oppfølging av personalet. Det er gjort fleire tiltak for å gjere det funksjonelt med to kontor, - ma. I fht datautstyr som server både arbeidsplassane for å lette arbeidet.

Det er felles turnus for basane. Tilsette viser stor fleksibilitet. Det blir arbeidd for å imøtekome ynskje om meir utfordring og fleksibilitet i arbeidet, og å halde personalet stabilt i tenesta. Felles turnus kan også lette arbeidet for burettleiar.

**Lund arbeidsbase** gjev arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, psykiatri-tenesta, barnevernet, rusomsorga og flyktningtenesta. Tidvis er det også arbeidstakarar via NAV som skal ha språk- eller arbeidstrening.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette. Eks er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m.

Basen har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA).  $\frac{1}{2}$  stilling som miljøarbeidar var dekt av helsefagarbeidar fram til ny turnus starta i mai 2014. Langtids sjukevikariat var dekka opp med kompetent personell, slik at tilboda ved Lund har vore kvalitetssikra. 0,5 årsverk har vore vakant hausten 2014.

Leiinga IHT har bede om ein statusrapport for arbeidet ved Lund – om aktivitetar, brukargrupper, produksjon osv. Rapporten skal danne grunnlag for evaluering av arbeidsbasen. Denne rapporten er ikkje ferdigstilt.

## **Planar og tiltak framover**

- Oppfølging av politiske vedtak og planar
- Arbeid med rutinar og kultur
- Dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens
- Opplæring og implementering av Kvalitetslosen
- Oppfølging av brukarundersøkingar og medarbeidarundersøking
- Dokumentasjon og kvalitet.

# LANDBRUK TEKNISK

Etatsleiar: Teknisk sjef Terje Hålien

## Målsetjingar

- Tilrettelegge for næringsutvikling.
- Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innafor dei tidsfristar og det skjønn styringssignalene heimlar.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringer og aktuelle tilleggsnæringer i Vang.

## Hovudarbeidsområde

Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, drift av brann- og feiarvesen, kommunale vegar og gatelys, vatn(avløps)anlegg og renovasjon.

Talet på tilsette var 20 i 2014. Dette utgjorde 15,3 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres og 18 brannmannskap i deltidsstillingar.

Arealplanleggaren sa opp stillinga og me hadde vikar fram til mai/juni. Ny planleggar starta i stillinga i september.

Stillinga som oppsynsmann stod ubesett fram til mai då ein av driftsoperatørane overtok desse arbeidsoppgåvene. Oppgåvene er no organisert i ei ingenjørstilling med ansvar for drift- og vedlikehald.

## Økonomi

Ansvar 400-490		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	26 926 000	26 630 000	296 000	1,1
	Inntekter	-19 034 000	-17 595 000	1 439 000	8,2
	Netto driftsutgifter	7 892 000	9 035 000	1 143 000	-12,7
Investeringsdel	Utgifter	4 808 000			
	Inntekter	-2 094 000			
	Netto inv.utgifter	2 714 000			

Innsparinga i høve til budsjettet skuldast m.a. auka inntekter av byggjesaksgebyr, oppmålingsgebyr og tilknytingsavgift.

Det er gjennomført medarbeidar samtalar med ein del av arbeidstakarane.

## Bygningsavdeling

Det vart nedgang i bygging av nye hytter også i 2014. Det vart gjeve byggjeløyve for 10 nye hytter (16 i 2013).

Det er gjeve byggjeløyve for fire (tre) nye einebustader og to to-mannsbustader. I tillegg er det innvilga rammeløyve for to to-mannsbustader.

Dei fleste byggesakene omfattar tilbygg og ombygging og mindre bygningar, som garasjar og anneks.

Det er gjeve byggeløyve for ein ny driftsbygning (kaldfjøs), to tilbygg til driftsbygning og fem nye reiskapshus.

Totalt er det behandla 174 (122) byggjesaker etter delegert behandling, og 17 (8) saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Det kom inn 417 000 kr i gebyr for behandling av byggjesaker (331 000 i 2013). Dekningsgraden for behandling av byggjesaker (gebyrinntektene i høve til utgiftene inkl. del av felles kontorutgifter) er rekna til ca. 62 % (54 % i 2013).

Det vart arrangert eit dags-kurs i aktuelle tema for entreprenørar i Valdres på Tingvang våren 2014. Det er viktig å ha ein tett dialog og eit godt samarbeid mellom kommunen som bygningsmyndighet og dei som utfører arbeidet ute.

## Arealplanlegging

### Kommuneplan

Kommuneplanen vart lagt ut til tredje gongs høyring i september, det var ein merkbar framgang mtp. motseigner; sjølv om dei framleis eksisterte. Det let seg midlertidig gjere å innarbeide dei i kommuneplanen utan krav til ei ny høyring. Kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret den 18.desember.

### Vedtekne reguleringsplanar


- E16: Øye-Eidsbru (vedteken 13.3.2014)
- Reguleringsplan for vassforsyning og reinseanlegg for Tyinkrysset (vedteken 19.6.2014)

Kommunedelplanar under utarbeidning/handsaming:

- Trafikksikring (skal ut på 2. gongs offentleg ettersyn)

### Reguleringsplanar under utarbeidning/handsaming:

- «Helges hytter» (sendt tilbake til tiltakshavar bl.a. pga. konflikt med masterplan)
- Tyinkrysset fjellstue med alpin (har vore ute på offentleg ettersyn)
- Raudalen - arealformålsendring av delar av S2 og S4



- Statens vegvesen jobbar med to reguleringsplanar som skal til politisk behandling i 2015 (Kvamskleiva og massedeponi ved Eidskroken).
- Kommunen har engasjert Utmarksplan AS for å utarbeide to reguleringsplanar i Ryfoss. Det er utviding av både bustads- og næringsareala som er formålet med desse planane.

Det kom ikkje inn plangebyr i 2014.

## **Frådeling, oppmåling og kartlegging**

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova o.a. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkelansvarleg. Etter frådelingsløye blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning.

Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova.

Det vart rekvirt 30 oppmålingsforretningar etter matrikkellova i 2014, vel halvparten gjaldt nye tomter, resten rekonstruksjon av eldre skylddelingar. Dette speglar manglande løysingar for vatn og avløp i godkjente planer som ligg urørt, store reservar av tidlegare oppmålte ubygde tomter og framleis svak marknad for hyttebygging.

Retting i matrikkelen – utan at det er kravd gebyr – har skjedd i 35 saker. Dels retting der kommunen tek initiativet, dels etter «privat avtale om eksisterande grense». All retting krev full varsling av partane, med klagefrist o.a. Tek tid og gjev lite inntekt; men forbetrar kvaliteten på matrikkelen. Elles aukar mengda av "privat avtale om eksisterande grense".

I oppmålingsgebyr kom det inn ca. 262 000 kr (463 000 kr i 2013), av dette går 26 000 kr til staten i tinglysings- og dokumentavgift.

Felles GIS (geografiske informasjonssystem) for Valdres (VGIS) er i ordinær drift, felles konsulent har Vang kommune som arbeidsgjevar og sektorleiarane i Valdres som styringsgruppe.

## **Bustadtiltak og vedlikehald**

Ledige bustadtomter i kommunale felt: Tyinkrysset 3, Høgeset 5; ein forkjøpsrett som ikkje er nytta, Lundsmarka 1, Nordigarden 0; (to resterande er delt på 4 bebygde tomter), Bøaflata 1, Åsvang 5 (8 til om VA-blir tilrettelagt), Ryfoss 5 og Steinträet 8. (Tomtene må snart ryddast for skog for å framstå som salgbare!)

Det er gjeve kommunalt tilskot til seks bustader.

Kommuneplanen legg til rette for nye, private bustadfelt på Hensåsen og i Vang. Kommunen vel å utvikle nytt bustadfelt i kommunal regi i Ryfoss.

Universell utforming er utført i Vang og Høre kyrkje.

I 2014 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar, i tillegg til ein deltidstilsett arbeidsleiar. Denne ordninga fungerer bra.

## **Brann- og feiarvesen**

Det har vore 29 utsyrkingar, 3 utsyrkingar til trafikkulykker og 12 unødige alarmar. Det har vore 2 større brannar.

Valdres brannførebyggjande avdeling har gjennomført spesielt brannsyn i 21 av 27 objekt i Vang.

Det er feia 440 piper (439 i 2013) og utført 142 tilsyn av fyringsanlegg.

Dekningsgraden for feiarvesenet er 56 %, mot 65 % i 2013.

Ved Ryfoss brannstasjon vart begge bilane skifta ut med ein nyare og stor tankbil og ein mannskapsbil som me fekk kjøpt frå Raufoss. Dette vart sett stor pris på i frå mannskapa og gjer sitt til at dei er betre utrusta.

Det blir elles vist til eige årsmelding for brann- og feiarvesenet.

Brannsjefen har delteke i ei arbeidsgruppe som har utgreidd felles brann-, rednings- og feiarvesen for Valdres. Gruppa avga si innstilling før jul.

## Landbruk

Bruk med mjølkekjyr:	44 (48)	Mjølkekjyr:	620 (702)
Bruk med andre storfe:	54 (57)	Storfe/ammekjyr:	1285 (1344)
Bruk med sau:	41 (45)	Vinterfora sau:	2128 (2155)
Bruk med mjølkegeiter:	5 (5)	Mjølkegeiter:	473 (491)
Bruk med pelsdyr:	8 (7)	Pelsdyrtisper:	1251 (1130)

Tal for 2013 i parentes.

Ingen selde mjølkekvote. Tre produsentar leiger ut heile eller deler av kummjølkekvote si.

9 produsentar kjøpte kummjølkekvote frå staten, til saman 19 980 liter.

Avløysing i husdyrbruket vart administrert av Vang avløysarlag.

Datakurs for bønder vart halde i samband med søknad om produksjonstilskot.

Det er gjeve kommunalt tilskot til nybygg/utbetring av fire driftsbygningar/fjøs og tre reiskapshus. Det vart fulldyrka 10 da.

For tilskot til spesielle miljøtiltak jordbruks kulturlandskap (SMIL) var det 15 søknader frå Vang i 2014. Av desse gjaldt ti rydding av gamal kulturmark og fire gjaldt verneverdige hus. Arbeidet med rullering av SMIL-ordninga vart fullført våren 2014.

## Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvalting av skogfond og rentemidlane av skogfondet hører til dette.

I 2014 vart det avverka 2 630 m<sup>3</sup> tømmer med ein bruttoverdi på ca. 784 500 kr. Det vart ikkje planta skog i 2014. Det har ført til eit etterslep som må takast i 2015. Elles er det liten aktivitet med tynning, rydding og anna skogkultur. Her legg ein grunnlaget for å hauste kvalitet i framtida og innsatsen på dette feltet må aukast. Det vart ikkje gjeve tilskott til skogsflis til oppvarming.

På skogfondskontoen for Vang pr. 31.12.14 sto det inne kr 970.722,- . Rentene utgjorde kr 29.408,-. Rentemidlane skal nyttast til fellestiltak, informasjon og arrangement. For 2014 vart det nytta kr 15 676,00 til informasjon og pålagt andel til Fyklesmannen og skogeigarlaget. Saldoen på rentemiddelkontoen var pr. 31.12.14 kr 170 732,52.

## **Viltforvaltning**

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for periode 2014-2017.

I 2014 vart det felt 42 elgar av ei kvote på 57 og 70 hjortar av ei kvote på 98. Avskytinga på elg i 2013 var 56 elg.

For utrykking ved viltpåkøyrslar og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fem personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vaksentralen. Det var meldt om 4 påkøyrslar/funn av fallvilt. Av desse var to elg påkjørt. Ein daud hjort vart funnen i Vangsmjøsa.

## **Reindrift**

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman og ein årleg produksjon på nærmere 100 000 kg kjøt.

Filefjell har sumarbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret.

Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren.

Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin.

## **Rovdyr**

I 2014 vart det gjeve løyve til skadefelling av noko rovvilt. Det har vore tap dette året. Noko større tap i einskilde besetningar. Samla tap vart 252 av 6755 sleppte sau (3,73 %) som er normaltap på landsbasis. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovvilkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe. Norges Jeger- og fiskeforeining i samarbeid med NINA har sett i gang prosjekt i Oppland for betre å kunna dokumentere gaupebestanden. I Vang er det sett opp 2 viltkamera. Dette har resultert i at det er dokumentert ei familiegruppe i kommunen.

Viltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslaga har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

Lisensfelling på jerv og kvotejakt på gaupe gav ikkje utteljing i Vang.

Statens naturoppsyn driv sporing og dokumentasjon av jerveaktivitet i april–mai. Det var ikkje spesielt mykje aktivitet i 2014.

## **Kommunale vegar**

Arbeidet med skilting av vegar er i hovudsak ferdig i bygda, ein del støls- og hyttevegar står att. Henvisningsskilt der det er fleire enn 6 husstandar/10 hytter står att.

Brua ved sørre Tune vart ferdigstilt i 2014.

## **Vatn og avløp (VA)**

I 2014 ble det kjøpt inn spylehengar for å tine/spyle vass- og avløpsleidningar, hengaren viser seg å være eit godt verktøy sjølv om dei store frostproblema ikkje oppstod denne vinteren. Vaktordninga med Vang Energiverk er tilfredsstillande, kundane er fornøyd med å ha eit bestemt telefonnummer.

Vang vassverk har fått installert ein luftar for å drive av CO<sub>2</sub> gass. CO<sub>2</sub> bidreg til å senke pH i vatnet. Etter installasjon av luftar så har vatnet ein pH på over 8.0, det betyr mindre korrosjon på kopparrøyr. Resultatet ser me på slamprøver i Grindaheim reinseanlegg, kopparverdiane er betrakteleg lågare enn tidlegare.

Norconsult prosjekterer VA trase mellom Tyinkrysset og Fløkstrøndfjorden. Omlegging av trase har i det siste skapt mye arbeid og utsett prosjektet.

Driftsassistansen for vatn og avløp i Oppland (DiO) utarbeider eigen årsrapport for reinseanlegga i Vang.

Ryfoss vassverk har gått utan problem.

Det er utfordringar for reinseanlegget i Tyinkrysset, både med noverande drift og i samband med auka aktivitet. Forprosjekt for å avklåre utviding/bygging av nytt reinseanlegg er sluttført. Konsulent er engasjert til å gjennomgå val av totalentreprenør for nytt reinseanlegg. Anbodsdokument er laga av Asplan Viak og vil komma ut så fort reguleringsplanen er ferdig. Reguleringsplanen er godkjent, men utfordringa med omlegginga av trase har utsett utsendinga av konkurransegrunnlaget til alle utfordringar vert avklara.

**Dekningsgrad:** Inntektene frå abonnentar tilknytt kommunale anlegg dekte 98,6 % av utgiftene for vatn og 128,7 % for avløp i 2014 (80,6 % og 86,5 % i 2013). Pr. 31.12. er dekningsgradfondet for vatn ca. 1,4 mill. kr og for avløp 1,2 mill. kr. Tilknytingsavgiftene er med i grunnlaget, og dekningsgraden varierer derfor mykje frå år til år.

## Kommuneskogen

Vang kommune har fire skogteigar: Brekken, Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman 902 daa produktiv skog; 21 da med høg bonitet, 456 dekar på middels bonitet og 414 da på låg bonitet. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabojaktfelt eller inngår i organisert viltlag.

# PLANAR OG TILTAK FRAMOVER

## Byggjesaker

Det er å håpe at nedgangen i bygging av nye hytter har nådd botnen, og at det ikkje blir bygd færre hytter i 2015 enn det var sist år, helst bør det bli ei lita auke.

Det er framleis att ca. 700 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt. Tenlelia er ferdig utbygd med veg, vatn og kloakk, dei fyrste hyttene er bygde, men det er mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslia. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen kan det bli noko utvikling i tida framover.

Så kan ein håpe at satsinga på Tyinkrysset også etter kvart vil føre til auka aktivitet.

Det kan sjå ut til at den store hyttebygginga som har vore dei siste 10 – 15 åra no tek til å føre med seg ei auke i mindre byggesaker – tilbygg, ombygging og mindre bygningar. Dette må ein gå ut frå at også vil vera positivt for det lokale næringslivet.

Kanskje kan ein også håpe at investeringar i landbruksbygg vil ta seg opp att.

Kommunen vil nok vera den aller største byggeherren dei fyrste par åra – med storsatsinga på VBU og ny Fredheim barnehage.

Det vil også i år koma ganske omfattande endringar i byggereglane. Det skal mellom anna bli enklare prosedyre ved bygging av mindre bygningar ved at fleire tiltak bli fritekne for søknadsplikt.

## Kart og oppmåling

Kvalitetsheving på matrikkel og arkiv blir prioritert om saksmengda gjev rom for det. Eit 3-årig interkommunalt prosjekt for matrikkelforbetring har fått skjønningsmidlar frå Fylkesmannen frå 2015.

Geovekst er eit samarbeid der offentlege aktørar eig kartdata i fellesskap, og midlar frå sal av kartdata blir ført tilbake til Geovekstpartane.

Det er velfungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres.

## Planlegging

Sluttbehandling av kommunedel- og reguleringsplanane som er under utarbeiding (sjå lista ovanfor) vil være høgt prioritert i 2015. Det er ynskje om å starte revisjon av kommunedelplanen for Tyinkrysset så fort som mogeleg på nyåret. Her kan det bli behov for å gjere ytterlegare utgreiingar (t.d. å oppdatere KU ihht. ny forskrift og raskartlegging m.m.). Reguleringsplanen for Øyebakkin skal òg prioriterast.

## Bustadtiltak og byggjeprosjekt

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og tilgjengelege ressursar.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindauge og betra ventilasjon. Vindauge er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglass med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindauge. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak. Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak. Betre ventilasjon vil rimelegvis gje lægre strålingsfare, og tiltak må utgreiast.

Frå 2014 er det krav om at alle utleigebustader skal dokumentere radonkonsentrasjon, og det vart gjort målingar i desse. Det viser seg at me har litt høge verdiar i nokre av desse. Er no i gang med å gjennomføre tiltak. I samarbeid med Gjensidige Valdres Brannkasse vil det bli gjennomført termografering av elektriske anlegg som brannførebyggande tiltak.

## Brann- og feiarvesen

I følgje vedteken brannordning skal det vera brannstasjon (bistasjon) i Tyinkrysset, men etter dimensjoneringsforskrifta er det ikkje krav om dette. Det er ikkje stasjonert bil eller utstyr her. Det må vurderast om det er mogeleg å skaffe brannmannskap i nærområdet. I samband med bygging av fleire tunellar må ein bygge ut Grindaheim brannstasjon for å gje plass til ein ny tankbil. Mannskapsbilen ved Grindaheim byrjar og å dra på åra så ein bør vurdere å få skifta den ut.

Feing og tilsyn held fram som før. Der det er varmepumpe blir det ikkje feia kvart år. Det vil bli utgifter til opplæring av feiar og brannmannskap. Det er krav om grunnutdanning, men på grunn av manglande kapasitet ved Noregs brannskule er ikkje dette mogeleg å gjennomføre innan fristen.

Vestre Slidre har sagt opp samarbeidsavtala for Ryfoss brannstasjon frå 2014. Vår vurdering er at kommunen likevel må oppretthalde Ryfoss brannstasjon.

Utbygging av det nye nødnettet Tetra er ferdig og me har fått teke det i bruk fullt ut.

## **Landbrukskontoret**

Landbrukskontoret vil i 2015 arrangere fag-, dagar, -kveldar og -turar i samarbeid med faglaga, landbrukskontoret i Vestre Slidre og Valdres landbrukstjenester.

Datakurs for bønder i samband med søknad om produksjonstilskot vil bli vidareført. Dette gjeld også fagdagar med kjøtproduksjon og prosjekt med *Inn på tunet*.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald og dyrevelferd i 2015.

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar, kulturlandskapstiltak og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av statstilskot til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2015, men det er uvisst vidare framover.

## **Kommunale vegar**

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde klar sikt og framkome for større kjøretøy.

## **Vatn og avløp**

Nytt reinseanlegg for Tyinkryset skal byggast. Det er ikkje mogleg å knytte til fleire abonnenter før avklåring og vedtak om midlar til nytt vassverk. Asplan Viak har utforma anbods-dokument for totalentreprise på nytt reinseanlegg, og Norconsult prosjekterer overføringsleidningar til nytt reinseanlegg og vassverk. Dette vil krevje mykje oppfølging, og vera hovudprosjektet for VA-ingeniøren i 2015 og framover.

To driftsoperatørar får opplæring i 2015, og midlar er avsett.

Driftsovervakingsanlegget i Ryfoss treng oppgradering for at driftspersonellet kan få oversikt frå sentralen i Vang. Det bør også bli etablert ein sentral i Ryfoss for å sjå på Vang vassverk/reinseanlegg.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet godt nok ivaretake.

Det er mistanke om at fleire hytter har knytt seg til det kommunale VA-nettet utan å ha søkt. Nokon er registrert, men arbeidet er kontinuerlig og sommaren 2015 vert det teke ein ny runde.

Spyling av vassnettet er heilt nødvendig for å halde en god vasskvalitet, og dette vil bli prioritert også i 2015.

Midlar til ferdigstilling av Børrelie vassverk vart vedteke for 2015, dette arbeidet vil sikre vatn av god kvalitet for alle abonnentar på Tyinkryset og Filefjell.

Utviding av bustadfelt i Ryfoss vil krevja ein eigen VA plan for å finne tilfredstillande løysing med tanke på kapasitet og leveranse.

Kommunestyret har vedteke å planlegge vassutbygginga på Filefjell saman med den kommande kommunedelplanen for området. Rammeplan VA er allereie utarbeida, det er viktig at denne blir tilpassa og teke inn i kommunedelplanen sine føresegner.